



Føresette 5.trinn

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2462 - 14/10688

Saksbehandlar:

stine.pedersen.sylta@radoy.kommune.no

Dato:

01.10.2014

Referat frå foreldremøte 16.september 2014

15 heimar møtte

Saker:

Oppstart: Me drøfta overgangen frå 4. til 5. klasse. Tysdag og torsdag har skuledagane blitt lenger (skulen varar til 14.10 desse dagane). Elevane møter i år lengre og meir avanserte tekstar i pensumbøkene, med fleire nye og ukjende ord.

Elevråd: Klassen har valt representantar til elevråd. Dette er eit råd for dei i 5-7. klasse. Her er det ein gut og ei jente frå kvar klasse. Her kan elevane ta opp saker dei meiner er viktige for skulen. I år som i fjor vil det vere elevar frå kvar klasse som er trivselsleiarar (TL-ar). Dei har ansvar for å sette i gong leik i friminutta og sjå til at alle får vere med. 4 elevar frå 4.-7. klasse er valt.

Lærarar i 5. klasse: Ingrid Bø Marøy(kontaktlærer), Janne Erstad, Rut Kongevold (musikk), Marianne M. Lilletveit, (teikneforming), Nina Urhaug og Helge Nøttveit (sløyd og kunst- og handtverk). Hilde Osa er assistent.

Klassekontaktar: I år er Karianne Hole Tveiten og Kathrine Kolstad Murberg klassekontaktar. Vara blei Frode Floen og Vidar Grindheim (automatisk opprykk til klassekontaktar i 6.klasse).

Nye planar: I år har det kome fleire nye skjema og planar. *Vekeplanen* for klassen har fått ny mal, der hovudforskjellen er at det har kome inn kriterium til kvart av vekemåla i faga. Kvar fredag skal klassen i fellesskap gå gjennom mål og kriterium, og elevane skal så vurdere seg sjølv ut frå desse («i startgropa», «på veg» eller «i mål»). Desse kriteriuma skal inn i dei ulike *årsplanane* (Manger skule har valt å prioritere årsplanane i matematikk, norsk og engelsk dette skuleåret). Sidan desse

framleis er under utarbeiding, vil ikkje desse publiserast offentleg enda, men dei som ønskjer kan få dei heim. De vil òg sjå kriteriuma igjen på det nye skjemaet føresette får heim før foreldresamtalen.

Nasjonale prøvar: Kvart år har 5. klassane i landet nasjonal prøve i lesing, rekning og engelsk. Leseprøven blir gjort i papirform onsdag 15. oktober. Rekning og engelsk blir gjort på data ein dag mellom 13.-24. oktober. Føresette får heim foreldreinfo i forkant. De kan òg gå innpå UDIR.no for å finne meir informasjon om det er ønskeleg.

Sosialt/arbeidsinnsats: Klassen ser ut til å ha eit forholdsvis godt miljø seg i mellom. Me ser at fleire elevar no har fleire å vere med. Likevel ser me på sosiogram klassen tok anonymt at det er nokon som ikkje blir valt ofte. Tips gjerne barnet dykkar om at på skulen og i fritida kan dei av og til vere med nokon dei ikkje er med så ofte for å variere!

På skulen jobbar me jamleg mot mobbing ved samtalar, trivselleik (TL), «Det er mitt val», kampanjeveke og andre felles aktivitetar. Særleg nettmobbing er noko me har hatt stort fokus på, då dette kan vere svært vanskeleg for vaksne å oppdage dersom ikkje barnet seier frå sjølv.

Arbeidsinnsatsen i timane er stort sett god. Noko som er viktig for elevane er at dei må jobbe med å bli meir sjølvstendig og tenke sjølv. Dette gjeld t.d. når dei skal kome i gong med diverse arbeid, oppgåvegjeri og leksegjeri. Me jobbar med reglane for handsopprekking og prating i timane, særleg i naturfag, s-fag, RLE og engelsk. Her er det litt for ofte nokon som gløymer seg og «busar» ut med svaret eller diskuterer seg i mellom.

Symjing: Det er symjing for 5. klasse annankvar fredag, der Ingrid og læring (Lena Grindheim) er med klassen. Ingrid informerte om at det har vore ein del tull i gutegarderoben (roping, tullete bruk av såpe/shampoo, negative kommentarar). Oppmodar om at føresette snakkar med barna sine om dette, slik at dette blir ei forbetring. I verste fall kan resultatet bli at elevar som ikkje oppfører seg i garderoben ikkje får ha symjing.

Diverse: Vekeplan kan elevane finne både på it's learning og på Radøy kommune sine heimesider. Bursdagar: Elevane er no over 10 år. Foreldra diskuterte og bestemte at dersom elevane berre ville ha med seg nokre få gutar eller jenter på bursdagsfeiring (t.d. kino/Peppes eller liknande) må invitasjonane bli delt ut utanom skulen.

Ny klassekonto: Dei som betalte inn til klassekassen i fjor vil i år få ein giro på 100 kr. Dei som ikkje betalte inn i fjor vil få ein giro på 200 kr. Monica Larsen ordnar dette.

17. mai: Det blei diskutert litt om 17. mai. Viktig å vere tidlig ute med lister!

Gym/garderobe: Det er viktig at alle tar med innesko/joggesko til gymtimen. Det er felles einighet om stort sagn av skikkeleg garderobe til gymnastikksalen, slik at elevane kunne ha dusja etter gym.

Med helsing
Ingrid Bø Marøy
Referent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Føresette 5.trinn